

Ester og Atle Løvland

Kandalsvegen 1071

6823 Sandane

[ester@gloppen.net](mailto:ester@gloppen.net)

og

Tor Inge Løvland, Sissel Ness

Kandalsvegen 1069

6823 Sandane

Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091

Majorstua

0301 Oslo

24.05.19

## **HØYRINGSUTTALE TIL NESELVA II**

Som naboar (Gnr 124, bnr 3 og gnr 124, bnr 9) til omsøkt utbygging har vi desse kommentarane.

1. Gnr. 124 bnr. 3 er i luftlinje nær stasjonen i det omsøkte kraftverket. Vi lurar derfor på om det er utreda evt. støyplager i den forbindelse, i so fall ynskjer vi å få informasjon om dette. Dersom det vil medføre skjemmande støyplager frå viftene i stasjonen ynskjer vi at det skal opprettast eit avbøtande tiltak for å redusere dette mest muleg.
2. Støylsvegen, som også er en veg vi har bruksrett til, vil i anleggsperioden bli brukt til tungtransport. Vi er bekymra for om vegen toler dette. Vi vil ha svar på om dette har vore vurdert, og om vegen vil bli reparert etter anleggsperioden dersom den blir ødelagt. Vegen må etter anleggsperioden være god nok for personbilar. Vi ynskjer også få informasjon på førehand om kor lang tid graving skal ta, og vi vil ha varsel i god tid før graving tek til. Dette er svært viktig for oss då vegen er einaste tilkomst til bustadhus. Det er også einaste veg mellom bustadhus og driftsbygning med dyr og anna arbeid. Det er viktig med varsel slik at vi sikrar at køyretøy og maskiner er frakta forbi der vegen vert stengt.
3. Vi ser på teikning at kabel skal leggjast tett inntil våre eigedomar. Dette er ei ulempe som lett kunne vore unngått ved å legge kabel lenger vekke der det ikkje er bustadhus, og dermed ikkje er til ulempe for nokon. Det må være unødvendig å risikere stråling for to bustader dersom det lett kan være unngått. Vi kan heller ikkje sjå at det er noko fordel for det omsøkte tiltaket å legge kabelstrekke slik det er

skissert i teikning. I staden for at kabelstrekket svingar inn over en knaus kan den leggast beint i eit betre terreng slik at den kjem lenger vekk frå bustadhus. Dersom kabel går i ei linje langs støylsvegen til Fv 696 der trafostasjonen ligg, kan denne vegen samtidig bli utbetra. Dette vil være vinn vinn for alle parter, noko som må seiast å være betre enn å påføre oss som naboar ei heilt unødvendig ulempe.

Mvh

Ester og Atle Løvland

Tor Inge Løvland og Sissel Næss.